Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skjerstad

Emne: Drikk til maten

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Bernh. Kvalnes

Gard: Kvalnes.

(adresse): Tverlandet

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein må vel helst seia at det var meir mjölk i bruk för enn no. Om sumaren bruka folk mykje rjomekolle til nons-mat. Det var også meir vanleg med mjölk attåt maten enn no det er. Då separatoren kom for ein ca 50 år sidan, var det meir skuma mjölk i bruk. Skuma mjölk vart nytta til kveldsgrauten til kvardags. Men – det var ikkje vanleg för i tida å bruka mjölk i grauten til kvardags, det er det no, heller ikkje var det skikk å ha mjölk i brödet, det er det no.
Der dei har meieriar og ysteriar, går sjölvsagt av mjölka dit.

2. Ja.

3. Ein laga bleng, helst i slåtten, blengen var laga av vatn og saup eller vatn og surmjölk. Det var leskedrikk i varmen.

6318

4. Ukjend.
5. ?
6. ?
7. Tie frukost (ikkje alltid), etter middag, sjeldnare tie mellom-mat (nôn) kl. 17 eller 16,30. I slåtten har ein ofte „sjukaffe". Då kjem ein ût på slåttemarka med kaffien.

8. Det vanlegaste er at ein har malen kaffi i kokande eller kaldt vatn. Ein vil gjerne ha kaffien klår og i lag og når ein ein vil ha litt moro, spår ein i grûten (eller i grûggen, som vi seier her.
9. Ein brukar sukker tie kaffien. Ikkje farin. I gamle dagar kjøpte dei brunsukker (kandis), seinare toppsukker. Både til brunsukker og tie toppsukker måtte dei ha sukkersaks.
10. Ein hadde fløyte eller mjølk i kaffien, ikkje noko anna.

11. Ja, tie nonsmaten, men det er te av karve, (karvete). Ein har noko vatn i ein kasserolle med litt mjølk i, har karven oppi og gjev dette eit oppkok. Sikkert ein eldgamal drikk her.
13. Nei.

6318

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6318